

Ei venare bygd....

29.08.2014



Det gamle Samyrkjelagsbygget framstår verkeleg fint etter arbeidet som er gjort.

Vi tar ikkje munnen for full om vi seier at vi bur i ei vakker bygd. Det er verkeleg eit praktfult skue som møter oss når vi kjem inn fjorden båtveien. Også når ein kjører gjennom bygda vert det lagt merke til at det er fint og velstelt.

Både blomsterbutikken, og beda og urnene som Sella Hjønnevåg har ansvaret for, har lenge vore med og heva standarden. Men det er også mange private med velstelte heimar som bidreg til at forbipasserande får ein vakker tur gjennom bygda vår.

I så måte er det positivt at det for tida vert gjort flott renoveringsarbeid på fleire eldre hus som ligg tett inntil riksvegen. Både huset der Lise`s Krambu held til og huset til Borghild Gjertsen på Brekketoppen får i desse dagar ei ansiktsløfting når dei mellom anna får ny kledning. Det er Lan Bygg som står for arbeidet, og resultatet pyntar verkeleg opp.

Tidlegare i sommar har det også vore gjort viktig renoveringsarbeid på andre sentrumsnære bustader og bygg. Til glede for mange!



På Brekketoppen er ei side ferdig bordkledd medan rivinga er i gang på den andre sida. Eldsteson Einar Gjertsen(gul bukse) er ryddegut og administrator.(Klikk på bilda)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.